

KONKURRANSEGRUNNLAG

Utarbeiding av tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø Meland kommune

1. Bakgrunn

Meland kommune ligg like nord for Bergen, med ei reisetid på knapt ein halvtime frå Bergen sentrum. Kommunen veks hurtig og har i dag eit folketal på ca. 7500. Busetnaden er til dels spreidd, men mest konsentrert i den sørlige delen, rundt kommunesenteret Frekhaug.

2. Anskaffinga

Gjeldande tiltaksplan for vassforsyning 2010-2014 og tiltaksplan for avlaup 2010-2014 skal reviderast. Kommunen ønskjer at det skal gjennomførast ei større revisjon der vassforsyning, avlaup og vassmiljø kjem inn i eit nytt felles plandokument. Planen skal gjelde perioden 2015-2019. Ein tiltaksplan har ikkje dei same strenge prosesskrava som ein kommunedelplan, og kommunen rekner med at planarbeidet kan gjennomførast i løpet av året. Sjå tabell på s. 2 for utkast til ein enkel framdriftsplan.

Revisjon av plan skal gje ei oppdatert oversikt over status og utfordringar innan vassforsyning, avlaup og vassmiljø i Meland kommune. Planen skal vidare innehalde ein oppdatert handlingsplan med kostnadskalkyle over tiltak dei neste 4 åra, samt forslag til tiltak på lengre sikt. Tiltaksplanen skal ta utgangspunkt i aktuelt lovverk, og skal utformast på ein lesevenleg og oversiktleg måte. Planen skal innehalde kart over eksisterande VA- infrastruktur og framtidige utbyggingar.

Det er utført ei resipientundersøking av vassdrag i 2012, og ei resipientundersøking av omkringliggende fjordar pågår. Det er også utarbeidd ei overordna ROS-analyse for kommunen, og ei eigen ROS-analyse for vassforsyning vil bli gjennomført i løpet av 2014. Planen skal bygge på kommuneplanens arealdel som skal opp til politisk godkjenning første halvår av 2014.

Meland kommune skaffar fram kart- og planmateriale, folketalsutvikling ut frå kommuneplanen, tekniske spesifikasjonar på eksisterande anlegg, rapportar og analyseresultat som er ligg føre, abonnentoversyn og rekneskapstal / budsjettal.

Materialet skal leverast i digital form. Plankart skal leverast i minimum Sosi 4.0 format.

Planen skal ha nynorsk som målform.

3. Framdrift

Anskaffinga er planlagt gjennomført i henhold til følgjande fremdriftsplan:

| Aktivitet | Dato |
|---|-----------------------------|
| Kunngjering i Doffin | 21.03.2014 |
| Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget | 04.04.2014 |
| Tilbudsfrist | 11.04.2014 kl. 14:00 |
| Kontraktstildeling | 22.04.2014 |
| Karènsperiode | 10 dagar |
| Kontraktsignering | 02.05.2014 |

Tiltaksplanen er planlagt gjennomført i henhold til følgjande fremdriftsplan:

| Aktivitet | Dato |
|-------------------------------------|----------------------------|
| Oppstart | Mai 2014 |
| Utkast av plan på høyring | Medio oktober 2014 |
| Politisk godkjenning av plan | Medio desember 2014 |

3. Innkjøpsreglar

Denne anskaffinga vert gjennomført etter lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser (FOA). Anskaffinga vert gjennomført som ei open anbodskonkurranse i høve til FOA del I. NS 8402 vil bli nytta som kontraktstandard.

4. Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon må leverast inn saman med tilbodet:

Skatte- og mva attest

Firmaattest

HMS-eigenerklæring

5. Tildelingskriterie

Tilbyder vil bli valt basert på det økonomisk mest fordelaktige tilbodet med følgjande tildelingskriterie:

| TILDELINGSKRITERIE | DOKUMENTASJON | VEKT % |
|--|---|--------|
| Totalt kostnader | Utfylt prismatrise for timepris og reise | 30 % |
| Kompetanse og erfaring | CV og referanser for tilbydd konsulent(er) | 50 % |
| Gjennomføringsplan og oppgåveforståing | Milepælsplan for oppdraget der det vert skildra korleis oppgåva vil bli løyst | 20 % |

6. Utforming og levering av tilbod

Tilbodet skal innbindast (perm) og leverast i 1 eksemplar på papir samt i elektronisk versjon (USB), samt 1 elektronisk versjon av sladda tilbod som kan leverast ut ved spørsmål om innsyn. Elektronisk versjon skal vere i PDF-format eller tilsvarende. Papirversjonen har forrang framfor den elektroniske versjonen i tilfelle avvik og/eller motstrid.

Det er ikkje opning for å gi tilbod på delar av leveransen eller kome med alternative tilbod.

Tilbodet skal leverast i lukka konvolutt til Meland Kommune, Rådhuset innan fredag 11. april kl. 14.00. Eller sendast pr. post til Meland kommune, p.b. 79, 5906 Frekhaug innan same frist. Tilbodet skal merkast: "Tilbod konsulent tiltaksplan vassforsyning, avlaup og vassmiljø". Tilbodet skal vere på norsk, og kan ikkje leverast i e-post.

Eventuelle spørsmål kan rettast per e-post til:

Prosjektrådgjevar Berit Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Alle spørsmål og svar vil bli lagt ut på DOFFIN utan at identiteten til spørsmålsstillaren vert oppgitt.

Vedståingsfrist er 90 dagar.

TILBODSSKJEMA.

Tilbudet skal gjevast med grunnlag i ei ramme på 350 timar. Tida er estimert og ikkje bindande. Tida skal regulerast, og det skal derfor gjevast pris pr. time. I tillegg skal det gjevast pris på reise til og frå Meland Rådhus (Frekhaug). Dvs. tur og retur. Det skal i tilbudet reknast med 10 turar. Prisen skal omfatte alle reisekostnader også evt. arbeidstid. Tal turar skal regulerast etter oppgitt turpris. Dersom det er ønskje om prisaukejustering må det takast atterhald om.

| PRISSKJEMA | |
|----------------------------------|------------------|
| Pris per time |kr eks mva |
| Pris per reise t/r |kr eks mva |
| | |
| Pris for 350 t |kr eks mva |
| Pris for 10 reiser t/r |kr eks mva |
| Samla sum: 350 t + 10 reiser t/r |kr eks mva |
| + 25 % mva |kr mva |
| Samla sum inkl. mva |kr inkl mva |

Mogleg prisjustering:

...../.... 2014

Stad/dato

Tilboddar:

Underskrift:.....